



## Saksframlegg

Saksnr	Utvaleg	Type	Dato
003/19	Samferdsleutvalet	PS	07.02.2019
009/19	Bystyret	PS	12.02.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anders Espeset		19/228

### Innspel til nye båtruteanbod frå 2022

#### Framlegg til vedtak:

1. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at Fylkeskommunen endrar sine kriterier for lokalbåtruteproduksjon frå fastbuande og skuleelevar til faktisk tal reisande, køyretøy og godsmengde.
2. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at Fylkeskommunen ser på løysingar i nye anbod slik at ein kan løyse dagens eller helst betre ruteproduksjon innanfor same økonomiske driftsramme som i dag. Konkret gjeld dette storleik og passasjerantall på båtmateriellet, slik at ein kan gå i alle fall enkelte ruter med redusert mannskap frå 3 til 2.
3. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at anboden blir laga slik at ein får båtmateriell som er utforma for å løyse dei faktiske behova på best mogeleg måte. Konkret gjeld dette at båtane blir utforma slik at dei kan ta fleire bilar enn i dag, samt at minst ein av båtane kan ta dyrertransportbil/tungtransportbil.
4. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at ein i anboden stiller krav til at det skal vere elektronisk/tidsriktig bestillingssystem for bil med oppdatert ruteinformasjon.
5. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber Fylkeskommunen auke rutefrekvensen for regionale båtruter nord-sør slik at det blir mogeleg å pendle dagleg begge vegar mellom Måløy og Florø. Anbodsgrunnlaget for denne strekninga/ruta må utformast slik at det blir ein eigen "pakke". Dette for at det skal kunne vere mogeleg å gjere tilpassingar undervegs, samt nytte denne strekninga som pilot i utvikling av "nullutslepps" båtar og konseptutvikling for arbeidsruter/båtar.
6. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda meiner Nordfjordekspressen er avgjerande viktig for at kommunikasjonane på kysten av Vestland skal fungere. Dette tilbodet vil vere avgjerande viktig for å få forventa synergiar ut av etableringa av Vestland. Tilbodet må minst oppretthaldast på dagens nivå, eller aller helst at det blir styrka i høve det å utvikle bu- og arbeidsområdet på kysten. Vi vil støtte ei justering av ruta slik at den får stopp på Hardbakke. Vi ber om at det blir sett på løysingar som stettar dette, samstundes som det blir funne løysingar som gjev ein



god logistikk inn mot sentra innover i Sognefjorden.

7. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ser positivt på å at det blir sett krav til lågutslepp for nytt båtmateriell.

Framlegg frå repr. Vidar Grønnevik, H:

endring i pkt.1:

...til også å ta hensyn til .....

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Samferdsleutvalet - 003/19

**SAMF - handsaming:**

Tilrådinga og dei tre tilleggsframlegga vart samrøystes vedtekne.

**SAMF - vedtak:**

1. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at Fylkeskommunen endrar sine kriterier for lokalbåtruteproduksjon frå fastbuande og skuleelevar til faktisk tal reisande, køyretøy og godsmengde.

2. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at Fylkeskommunen ser på løysingar i nye anbod slik at ein kan løyse dagens eller helst betre ruteproduksjon innanfor same økonomiske driftsramme som i dag. Konkret gjeld dette storleik og passasjerantall på båtmateriellet, slik at ein kan gå i alle fall enkelte ruter med redusert mannskap frå 3 til 2.

3. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at anboden blir laga slik at ein får båtmateriell som er utforma for å løyse dei faktiske behova på best mogeleg måte. Konkret gjeld dette at båtane blir utforma slik at dei kan ta fleire bilar enn i dag, samt at minst ein av båtane kan ta dyretransportbil/tungtransportbil.

4. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at ein i anboden stiller krav til at det skal vere elektronisk/tidsriktig bestillingssystem for bil med oppdatert ruteinformasjon, og registrering av "gjenståande bilar og personar" (etterspørsel utover kapasitet).

5. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber Fylkeskommunen auke rutefrekvensen for regionale båtruter nord-sør slik at det blir mogeleg å pendle dagleg begge vegar mellom Måløy og Florø. Anbodsgrunnlaget for denne strekninga/ruta må utformast slik at det blir ein eigen "pakke". Dette for at det skal kunne vere mogleg å gjere tilpassingar undervegs, samt nytte denne strekninga som pilot i utvikling av "nullutslepps" båtar og konseptutvikling for arbeidsruter/båtar.

6. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda meiner Nordfjordekspresen er avgjerande viktig for at kommunikasjonane på kysten av Vestland skal fungere. Dette tilbodet vil vere avgjerande viktig for å få forventa synergiar ut av etableringa av Vestland. Tilbodet må minst oppretthaldast på dagens nivå, eller aller helst at det blir styrka i høve det å utvikle bu- og arbeidsområdet på kysten. Vi vil støtte ei justering av ruta slik at den får stopp på Hardbakke. Vi ber om at det blir sett på løysingar som stettar dette, samstundes som det blir funne løysingar som gjev ein



god logistikk inn mot sentra innover i Sognefjorden.

7. For å tilpasse ruteproduksjonen betre til behov bes det om at en i ny kontrakt vert lagt opp til at båtane startar opp rutene ute på øyane, altså at rutene ender og startar i øyane fremfor i Florø.

Dette vil gje øysamfunnet ein seinare kveldsavgang som etterspurt, som vil gje tilgang til blant anna kulturtilbud som kino o.l., samt være betre tilpassa det moderne arbeidslivet med skiftarbeid.

Slik som rutene er i dag startar båtane med avgang Florø 05:30 til øynane. Denne ruta har ikkje belegg, medan ei seinare rute Florø – øyane om kvelden vil ha eit betydelig belegg.

8. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ser positivt på å at det blir sett krav til lågutslepp for nytt båtmateriell.

9. Administrasjonen får fullmakt til å supplere grunngjevingane som vert sendt til fylkeskommunen etter innspel frå utvalet.

Bystyret - 009/19

**BYST - handsaming:**

Tilrådinga frå Samferdsleutvalet vart samrøystes vedteke med endringa framlagt av Grønnevik i pkt.1

**BYST - vedtak:**

1. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at Fylkeskommunen endrar sine kriterier for lokalbåtruteproduksjon frå fastbuande og skuleelevar til også å ta hensyn til faktisk tal reisande, køyretøy og godsmengde.

2. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at Fylkeskommunen ser på løysingar i nye anbod slik at ein kan løyse dagens eller helst betre ruteproduksjon innanfor same økonomiske driftsramme som i dag. Konkret gjeld dette storleik og passasjerantal på båtmateriellet, slik at ein kan gå i alle fall enkelte ruter med redusert mannskap frå 3 til 2.

3. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at anbodet blir laga slik at ein får båtmateriell som er utforma for å løyse dei faktiske behova på best mogeleg måte. Konkret gjeld dette at båtane blir utforma slik at dei kan ta fleire bilar enn i dag, samt at minst ein av båtane kan ta dyrertransportbil/tungtransportbil.

4. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber om at ein i anbodet stiller krav til at det skal vere elektronisk/tidsriktig bestillingssystem for bil med oppdatert ruteinformasjon, og registrering av "gjenståande bilar og personar" (etterspørsel utover kapasitet).

5. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ber Fylkeskommunen auke rutefrekvensen for regionale båtruter nord-sør slik at det blir mogeleg å pendle dagleg begge vegar mellom Måløy og Florø. Anbodsgrunnlaget for denne strekninga/ruta må utformast slik at det blir ein eigen "pakke". Dette for at det skal kunne vere mogeleg å gjere tilpassingar undervegs, samt nytte denne strekninga som pilot i utvikling av "nullutslepps" båtar og konseptutvikling for arbeidsruter/båtar.

6. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda meiner Nordfjordekspressen

er avgjerande viktig for at kommunikasjonane på kysten av Vestland skal fungere. Dette tilbodet vil vere avgjerande viktig for å få forventa synergiar ut av etableringa av Vestland. Tilbodet må minst oppretthaldast på dagens nivå, eller aller helst at det blir styrka i høve det å utvikle bu- og arbeidsområdet på kysten. Vi vil støtte ei justering av ruta slik at den får stopp på Hardbakke. Vi ber om at det blir sett på løysingar som stettar dette, samstundes som det blir funne løysingar som gjev ein god logistikk inn mot sentra innover i Sognefjorden.

7. For å tilpasse ruteproduksjonen betre til behov bes det om at en i ny kontrakt vert lagt opp til at båtane startar opp rutene ute på øyane, altså at rutene ender og startar i øyane fremfor i Florø.

Dette vil gje øysamfunnet ein seinare kveldsavgang som etterspurt, som vil gje tilgang til blant anna kulturtilbud som kino o.l., samt være betre tilpassa det moderne arbeidslivet med skiftarbeid.

Slik som rutene er i dag startar båtane med avgang Florø 05:30 til øynane. Denne ruta har ikkje belegg, medan ei seinare rute Florø – øyane om kvelden vil ha eit betydelig belegg.

8. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda ser positivt på å at det blir sett krav til lågutslepp for nytt båtmateriell.

9. Administrasjonen får fullmakt til å supplere grunngjevingane som vert sendt til fylkeskommunen etter innspel frå utvalet.



## Saksopplysingar:

### Kva saka gjeld:

Fylkeskommunen legg opp til ny anbodsrunde for nye båtruter frå 2022. Sak med grunnpremisser og rammer for innhaldet i nye båtruteanbod skal opp til første gangs handsaming i Hovedutval for samferdsle 19 mars og deretter vidare til Fylkestinget 24. april. Planlagt utsending av nye anbodspapir er 20. november. Innspel må vere Fylkeskommunen i hende ila mars for å få med lokale synspunkt så tidleg som mogeleg i prosessen. Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda legg i denne runda opp til eit felles innspel når det gjeld både lokale og regionale båtruter. Bremanger kommune er orientert for å kunne koordinere sine innspel. I Flora har prosessen vore lagt opp slik at grendalag som er berørt av båtrutene har blitt utfordra til å kome med eit samla innspel. Dette er konkretisert og baka inn i denne saka. Vedlagt ligg oversikt over konkrete innspel til ruter, oversikt verdiskaping i Florabassenget og trafikkstatistikk for Florabassenget.

### Bakgrunn:

For øysamfunn og distrikta elles som er avhengige av båtruter så ser vi at det har skjedd ei gradvis endring i både busetnad, reisemønster og næringsaktivitet. Det store biletet over heile landet er ei sentralisering der folk flyttar til meir sentrale strøk og med blant anna den konsekvens at grendaskulane blir lagt ned. Men det same mønsteret ser ein ikkje i næringslivet og aktiviteten generelt. Fleire av arbeidsplassane er avhengige av å ligge der ressursane er, heilt konkret gjeld dette fiskeri, akvakultur, fiskeforedling, jordbruk, gruve drift, båtverkstader, utkantbutikkar og reiseliv i kystområda våre. Ein ser og at det blomstrar fram nye næringar basert på kyststressursane. Ein faktor er og at ny kommunikasjonsteknologi (t.d. utbygging av breiband) gjer til at folk i større grad kan bu/opp halde seg og like fullt jobbe på meir perifere stader. Totalkonsekvensen av dette er at trafikken med båtrutene i Flora, Bremanger og Vågsøy ikkje har gått ned i takt med nedgang i folketal. Trafikken har derimot heldt seg stabilt høgt og delvis auka. Eit blomstrande og aukande næringsliv, samt auka byggeaktivitet har ført til meir trafikk med køyretøy og gods. Paradokset er at parallelt med det tradisjonelle mønsteret med nedgang i fastbuande så er skjer det satsing i øyane og utkantane. Bedriftene satsar og folk bygger nye fritidsbustader og bygger på dei gamle. Mange velger å bu større delar av året på øyane og i distrikta, slik at dei tidlegare tradisjonelle fritidsbustadane no i større grad er halvårbustader. I takt med prosessen med samanslåing av kommunane Vågsøy og Flora ser vi og ein aukande trafikk.

Kysten av Flora, Bremanger og Vågsøy med sine byar, øyer og småsamfunn er avhengige av eit godt båtrutetilbod for å fungere skikkeleg. Men for at det skal vere samsvar mellom kriteria som ligg til grunn og det som faktisk skjer, meiner vi at kriteria må endrast. Rådmannen meiner og at ein bør sjå ruteproduksjonen i Florabassenget i samanheng med lokalbåtruteproduksjonen i Vågsøy. I mange år har det vore slik at ein av båtane i Florabassenget også har utført ei rute til Vågsøy (Kystvegekspessen). Ved å sjå på heile distriktet samla meiner vi at her kan vere muligheter til å hente ut meir og betre ruteproduksjon.

### Vurdering:

#### Innspel i 2018

Viser til følgande innspel sendt Fylkeskommunen i 2018:

*"I Flora kommune er båtrutene ein viktig transportmåte for samfunnet. I samband med at ny anbodsrunde gjeldande for båtrutene i Flora kommune snart skal starte, har Flora kommune sitt samferdsleutval i møte den 19. juni 2018 fatta følgjande vedtak:*

*1. I samband med førebuing av neste anbudsperiode for båtrutene i Florø kommune ber vi om at krav til materiell, frekvens og kapasitet vert basert på faktisk tal reisande, køyretøy (inkl. gjenstående) og lastevolum.*

*2. Tal fastbuende i øyane er ikkje eit adekvat kriterium, då eit aukande tal arbeidsplassar vert lagt til havnære områder, i tillegg til at øyane i aukande grad vert nytta til fritid og rekreasjon.*



3. Dagens ruteproduksjon representerer generell underdekning, med spesielle utfordringar på helligdagar.

4. Flora kommune ber om at det vert etablert registrering av «gjenstående» basert på bestillingar med avslag."

Flora kommune står fast ved dei ønska som vart gitt i innspelet i 2018 og ønsker å utvide og forsterke grunngjevinga for det i denne runden. Flora og Vågsøy kommunar er og midt i ein samanslåingsprosess, og det er difor naturleg at ein kjem med eit samla innspele. Vi ønsker og at det blir sett på løysingar for korleis ein kan styrke ruteproduksjonen i heile distriktet. Bremanger kommune ligg midt mellom Flora og Vågsøy og er ein del av det samla distriket og rutenettet.

### Kriterier for ruteproduksjonen

Dagens kriterier for båtruteproduksjonen er antal fastbuande og skuleelevar slik det går fram av vedtak i Hovedutval for samferdsle i 2010 (Sak nr.10/472-25 Fylkeskommunalt rutetilbod med båt):

"Fylkeskommunen skal tilby likt rutetilbod med båt uavhengig av bustadkommune. Det fylkeskommunale minstetilbodet med båt vert definert ut frå samla antal fastbuande langs kvar båtrute, slik dette går fram av tabell 2 i fylkesrådmannen sitt saksførelegg".

Flora kommune, Vågsøy kommune og Kinn kommune v/Fellesnemnda meiner at desse kriteria ikkje er gode nok for å imøtekome dagens faktiske behov og trafikk. Når ein einsidig ser på antal fastbuande på øyane så er dette med ein einsidig tanke om å imøtekome øybuarane sine minimumsbehov for å komme til fastlandet. Ein tar ikkje høgde for dei fastbuande på fastlandet, der ein del av desse faktisk reiser ut på øyane å jobbe. Eit stort antal arbeidsplassar i distrikta/øyane er avhengige av godt rutetilbod.

Vi meiner at det blir feil å isolere dette til kun å dreie seg om å oppretthalde eit minimumstilbod. Det handlar blant anna om å jobbe for å nå måla i Regional strategisk plan for kysten, vedteke av fylkestinget 13. juni 2018. Planen sitt hovudmål er å skape "ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft næringslivet og fleire gjestande."

Fylkeskommunen, kommunane og representantar frå næringane på kysten meiner meir forpliktande samarbeid og meir kartlegging av ressursane i kystsona er avgjerande for å nå målet. Planen inneholder fire satsingsområder:

1. Etablere eit kystråd 2. Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone 3. Knyte saman kysten med betre infrastruktur 4. Auke skaparkrafta og evna til nyskapning

Dersom planen sitt hovudmål skal oppnåast må ein, ved neste anbod, endre vurderingskriteria for båtrutene slik at desse er tilpassa det faktiske behovet og trafikken. Utviklinga i samfunnet og i distrikta våre har endra seg mykje på 20 år. Stor nærings- og byggeaktivitet fører til auka behov for gode båtruter og auka behov for bilkapasitet. I det store biletet handlar det og om å støtte opp under den nasjonale strategien om auka satsing på utnytting av ressursane i havet.

### Bestillingssystem for bil

Utifrå statistikken ser vi at aktiviteten varierer til dels svært mykje mellom vinter og sommarsesong, høgtider og helger. For å imøtekomme behovet for biltransport og dei store svingingane i trafikken, er det difor viktig å kunne ha rom for fleksibilitet i forhold til å sette opp ekstraruter ved behov. Skal dette fungere er det avgjerande at det blir stilt krav om eit elektronisk bestillingssystem for bil (gjerne med direkte betaling ved bestilling) og venteliste med SMS-varsling. Dette vil kunne gjere det mykje lettare å utnytte kapasiteten maksimalt, samt sette opp ekstraruter i god tid. Eit slikt system vil også kunne utvidast til å ha all oppdatert ruteinformasjon til ei kvar tid, samt mulighet for å bestille



stjernestopp. Eit slikt system vil og kunne dokumentere på kva ruter/sesong det er størst behov.

### Båtmateriell

Kombibåt-systemet har fungert svært godt i dei knappe 20 åra desse har vore i drift. Men vi ser at her er det rom for forbetringar utan at det nødvendigvis vil koste meir. Vi mista imidlertid ein vesentleg funksjon då Tansøy blei tatt ut av ruta (den kunne ta dyretransportbil/tyngre lastebilar og meir bilar). Vi kan dessverre ikkje dokumentere at bilkapasiteten ofte er for liten då det ikkje blir registrert nokon stad dei gongene folk ikkje får plass til bil. Men for alle som brukar båtane ofte er det ei kjent sak at bilkapasiteten ofte er sprengt. At muligheten for dyrebiltransport blei tatt bort har gitt kraftig forringa i vilkår for bøndene og for dyrevelferda.

Det er viktig at nytt anbod blir utforma slik at nybygg blir utforma så smart som mogeleg for å kunna møte behova til ein lågast mogeleg kostnad. For Flora-bassengen er der to vesentlege ønsker for å imøtekomme behova til folk og næringsliv: Meir bilkapasitet (minst 6) og at ein båt har plass til dyretransportbil og tyngre lastebil/betongbil. Vi ønsker at det blir vurdert båtmateriell på maks 24 meter og at makstal reisande på enkelte ruter blir sett til 48 for å kunne gå med mannskap på 2 i staden for 3. Ved å bygge med universelt utforma avstigningslem i front vil ein og frigjere meir plass til bilkapasitet. Tilsvarande vil anna utforming av kran og kranfundament kunne frigjere meir bilplass.

### Ambulansebåt

I dag er det slik at ambulansebåten inngår i den ordinære ruteproduksjonen. Det er ikkje ei haldbar løysing. Det er relativt mange ambulanseoppdrag i løpet av eit år. Desse gir så store forseinkningar at folk ikkje tør å planlegge vidarereiser med båt/fly/buss. Vi ber om at anboden ikkje gjev sjanse til å løyse ambulanseoppdrag med båt i ordinær ruteproduksjon. Slik funksjon må eventuelt vere knytt til reservebåt.

### Betre nord-sør kommunikasjon

Vi meiner at ved å sjå heile området Flora-Bremanger-Vågsøy under eitt, bør det kunne vere lettare å vurdere ein ny moderne kombibåt med base i Vågsøy, som også vil kunne inngå med ekstraruter i Kystvegekspressen. Med eit slikt system vil det kunne vere lettare å lage ruter som gir rom for arbeidspendlings både nord og sør.

Denne strekninga egner seg godt for pilotering og etter kvart permanent drift av båtar med nullutslepp. Dette vil vere ei arbeids- og pendlarrute som skal bygge saman eit bu- og arbeidsområde på kysten. Vi ser at det er stort potensiale for utvikling av båtmaterialet slik at det blir tilpassa "arbeid om bord" på ein langt betre måte. T.d. med kontorbord, møterom og langt betre internett. Kommunane det her er snakk om ynskjer å vere aktivt deltagande i utvikling og bruk av eit slikt tilbod.

Som ein del av nord – sør kommunikasjonen er dagens Nordfjordekspress sjølve fundamentet i tilboden. Dette tilboden er no innarbeid som det einaste tilboden for kollektiv transport på kysten av Vestland. Ei oppretthalding og aller helst ei betring av tilboden her vil vere avgjerande viktig for at Vestland fylke skal kunne fungere som ein region der det er mogleg å ta ut gevinstar av endra forvaltningsgrenser.

Nordfjordekspressen er ein "ekspress", dette inneberer at den må køyre ein trase mellom nord og sør så raskt som mogeleg. Samstundes må det også sjåast på moglegheitane for at stoppa, bli knytt til sentra langs kysten. Dette vil vere utviklande for desse sentra. Gode døme på dette i dag er Askvoll, Florø, Måløy og Selje. Med denne bakgrunn vil kommunane Vågsøy, Flora og Kinn kommune v/Fellesnemnda gje si fulle støtte til ei endring av ruta slik at den får stopp på Hardbakke i staden for Krakhella. Det må samstundes finnast løysingar med tilbringarrutar eller andre opplegg som ikkje reduserer tilboden til andre sentra lenger inn i Sognefjorden.



**Miljømessige konsekvensar:**

Ved ny anbodsrunde har Fylkeskommunen sjansen til å stille strengare krav til utslepp frå båtmateriellet.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:**

**Vedlegg:**

Trafikktal Florabassenget 2015-2018

Verdiskaping Florabassenget 2018 datert 30.01.19

Innspel Florabassenget frå Prosjekt Øyane